



Møtebok

Sak nr 20/2009

Møtedato: 6.5.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 772

S 772, Nøsen – søknad om sel

SLF har oppheva fjellstyret sitt vedtak om tilleta oppføring av sel på 56 m² på stølen til Rune Øygard på Nøsen. Grunngjeving for SLF sitt vedtak er at det ikkje er dokumentert behov ut frå drifta for ein slik bygningsmasse som det er søkt om. Det er også vist til at Oppland fylkeskommune og Statskog har tilrådd at selet blir bygd på i lengderetning.

For Rune Øygard er ei forlenging av eksisterande sel ikkje aktuelt alternativ. Etter hans syn blir dette ei svært upraktisk løysing og fjellstyret har støtta han i det ved tidlager behandling. Øygard søker derfor om å få rive eksisterande to sel for å føre opp att eitt nytt sel på ca 70 m² (BRA). Det er ikkje lagt ved teikningar av selet, og ein oppfattar søknaden som å få avklara om han får rive eksisterande sel og at han får prinsipielt avgjerd på om han får lov til å føre opp nytt sel.

Fjellstyret har den 24.4.09 oversendt søknaden til Statskog og Oppland fylkeskommune til uttale.

I brev datert 29.4.09 Statskog skriv at dei vil gi endeleg uttale når Oppland fylkeskommune har uttala seg til søknaden. Fjellstyret har ikkje motteke svar frå Oppland fylkeskommune.

Vedtak:

Fjellstyret ser at Oppland fylkeskommune har fått for kort frist for å uttale seg til søknaden, og utsett saka til neste møte.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.5.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Rune Øygard
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune